

Jan Erik Utvik  
Nordeidbrekka 51  
5252 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5579 - 22/77687

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
11.10.2022

## Rammeløyve til etablering av gangveg, planering for naust og etablering av kai - gbnr 443/101 Toska

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 1116/22**  
**Tiltakshavar:** Jan Erik Utvik  
**Ansvarleg søker:** R Valle Maskin As  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

**Det vert gjeve rammeløyve for etablering av gangveg f\_GV04, planering for naust i område U/N/B03, samt etablering av kai og kaifront f\_BBS01 på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.09.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horizontalplanet.**
3. **Konstruksjonar som vert plassert lågare enn kote +2,5 m i naustområde U/N/B03 skal utførast slik at desse ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vassstand.**
4. **Kaifront skal kles i naturmateriale, som stein eller tre, og vere tilpassa omgjevnad og anlegg elles.**
5. **Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.**

**Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. Løyve frå Bergen Havn.

**Rammeløyvet er heimla i plan- og bygningslova § 20-2.**

## SAKSUTGREIING

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av gangveg frå naust i U/N/B02 fram til U/NB03, planering av område for framtidige naust i område U/N/B03, samt etablering av kai og kaifront f\_BBS01.



Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, opparbeiding av gangveg, samt etablering av kai og kaifront. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.07.2022 og supplert 19.09.2022.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 29.08.2022:

1. Omsøkt tiltak ligg på gbnr. 443/101, samlege eigare må nabovarslast, evt. må leiar i sameige gje skriftleg samtykke til søknad og etablering.  
Eigar av gbnr. 443/105 må og nabovarslast.
2. Det må sendast inn lengde- og breiddesprofilar på heile vegen som skal etablerast.  
Det må og sendast inn teikningar som synar tiltaket før og etter.
3. Det er krysset av for søknad i eitt trinn, men i redegjørelsen skriv dykk at dykk ynskjer at det skal bli sett vilkår om løyve frå Bergen Havn ved søknad om igangsetting.  
Det må avklarast som det søker om løyve i eitt trinn eller rammeløyve.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker 19.09.2022.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Toska hyttefelt, planid: 12602018000800.

Omsøkte tiltak er i samsvar med reguleringsplan og regulert føremål.

## **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Velforeningen for Toska hytte- og boligfelt har i dokument datert 30.08.2022 samtykka til omsøkte tiltak og etablering av tiltak.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.09.2022.

Tiltaket er plassert i tråd med reguleringsplan.

På kai er det søkt om planeringskote ca. + 1,7.

Det følgjer av føresegnd § 4.1.4 bokstav m) at Naustområde U/N/B.03 kan planerast.

Konstruksjonar som vert plassert lågare enn kote + 2,5 m skal utførast slik at desse ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand.

## **Vatn og avløp (VA)**

Ikkje relevant.

## **Tilkomst, avkøyrslle og parkering**

Ikkje relevant.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser ny tilkomstveg, planering og framtidig naust, samt kai og kaifront. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenng, og plassering i høve terrenget.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Føresegnd § 4.1.5 bokstav c) Kaifront skal kles i naturmateriale, som stein eller tre, og vere tilpassa omgjevnad og anlegg elles.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

## **Avfallsplan**

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyretemakta.

## **VURDERING**

### **Plassering av tiltaket**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaket sine visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **GENERELL INFROMASJON**

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2.
- Krav om ansvarleg føretak er gitt i plan- og bygningslova § 20-3.
- Dispensasjonssøknad behandlast etter plan- og bygningslova § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming følgjer av plan- og bygningslova § 21-7.
- Søknad om tiltak skal nabovarslas i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Krav om tilgang til vatn og avlaup finn du i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Krav til tilkomst til offentleg veg finn du i plan- og bygningslova § 27-4.
- Tiltak skal visuelle kvalitetar i samsvar med plan- og bygningslova §§ 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK), jf. plan- og bygningslova § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter plan- og bygningslova § 31-2.
- Krav til tiltaksplan finn du i byggeteknisk forskrift § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering finn du i byggeteknisk forskrift § 9-7.
- Kommunens krav til handsaming av dispensasjonssøknadar finn du i plan- og bygningslova kapittel 19.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Dykk må søka om igangsetjingsløyve**

Ingen arbeid må settast i gang før igangsetjingsløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-421-4 tredje ledd. Det kan søkast igangsetjingsløyve for delar av tiltaket.

### **Dykk må søka om mellombels bruksløyve eller ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Det kan søkast mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/5579**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan Erik Utvik	Nordeidbrekka 5252	SØREIDGREND
R Valle Maskin As	51	
	Seimsstranda 5912	SEIM
	343	